

Møte tirsdag den 2. november kl. 12

President: H a n s J . R ø s j o r d e

D a g s o r d e n (nr. 10):

1. Innstilling fra næringskomiteen om forhandlinger om etablering av et IT- og kunnskapssenter på Fornebu (Innst. S. nr. 8 (1999-2000), jf. St.prp. nr. 2 (1999-2000))
2. Innstilling frå næringskomiteen om finansiering av publikumsretta informasjonstiltak i samband med år 2000-problemet (Innst. S. nr. 7 (1999-2000), jf. St.prp. nr. 4 (1999-2000))
3. Interpellasjon fra representanten Karita Bekkemellem Orheim til utviklings- og menneskerettighetsministeren:

«Et helhetlig tjenestetilbud i forhold til reproduktiv helse er et hovedmål i handlingsprogrammet fra Befolkningskonferansen i Kairo. Fem år etter Kairo fastslår Kvinnehelseutvalget at kvinners helse i de fattige landene kan sammenlignes med kvinners helse i Norge for hundre år siden, da reproduksjon, infeksjoner og mangelsykdommer utgjorde en stor fare for kvinners liv og helse. Samtidig ser det ut til at situasjonen for kvinner i de fattige landene stadig forverres, noe som er svært alvorlig med tanke på konsekvensene for helse. Hvordan oppfyller Norge sine forpliktelser i forhold til handlingsplanen fra Kairo når det gjelder bistand til kvinnehelse og reproduktiv helse?»
4. Referat

Presidenten: Representantene Fridtjof Frank *Gundersen*, Inge *Myrvoll*, Oddbjørg *Ausdal Starrfelt*, Ingvald *Godal* og Jørgen *Kosmo*, som har vært permittert, har igjen tatt sete.

De innkalte vararepresentanter, for Sør-Trøndelag fylke Heidi K. *Larsen* og for Østfold fylke Morten *Olsen*, har tatt sete.

Det foreligger tre permisjonssøknader:

- fra representantene Bent *Hegna* og Rolf Terje *Klungland* om permisjon i dagene fra og med 2. november til og med 4. november for å delta på Den femte partskonferanse under FN's klimakonvensjon i Bonn
- fra representanten John *Dale* om permisjon i dagene 3. og 4. november for å delta i et møte i Brussel i regi av NATO-parlamentarikerforsamlingen
- Disse søknader foreslås behandlet straks og innvilget. – Det anses vedtatt.

Første og andre vararepresentant for Hordaland fylke, Bjørg Hope *Galtung* og Magnar *Lussand*, er for tiden utenlands og av den grunn forhindret fra å møte under representanten John *Dales* permisjon i dagene 3. og 4. november.

Etter forslag fra presidenten ble enstemmig besluttet:

1. Følgende vararepresentanter innkalles for å møte i permisjonstiden:
For Vest-Agder fylke: Bjørn *Robstad*

For Hordaland fylke: Monika Soltveit *Gabrielli*

For Telemark fylke: Marthe Scharning *Lund* og Turid *Opedal*

2. Monika Soltveit *Gabrielli* innvelges i Lagtinget for den tid hun møter for representanten John *Dale*.

Presidenten: Bjørn *Robstad* og Turid *Opedal* er til stede og vil ta sete.

Valg av settepresidenter

Presidenten: Presidenten vil foreslå at det velges to settepresidenter for Stortingets møter i inneværende uke – og anser det som vedtatt.

Presidenten ber om forslag på settepresidenter.

John I. Alvheim (Frp): Jeg foreslår Per Ove *Width* og Øyvind *Korsberg*.

Presidenten: Per Ove *Width* og Øyvind *Korsberg* er foreslått som settepresidenter. – Andre forslag foreligger ikke, og Per Ove *Width* og Øyvind *Korsberg* anses enstemmig valgt som settepresidenter for inneværende ukes møter.

Før sakene på dagens kart tas opp til behandling, vil presidenten foreslå at formiddagens møte – om nødvendig – fortsetter utover den reglementsmessige tid kl. 15 til dagens kart er ferdigbehandlet.

– Ingen innvendinger er fremkommet mot presidentens forslag, og det anses vedtatt.

S a k n r . 1

Innstilling fra næringskomiteen om forhandlinger om etablering av et IT- og kunnskapssenter på Fornebu (Innst. S. nr. 8 (1999-2000), jf. St.prp. nr. 2 (1999-2000))

Presidenten: Etter ønske fra næringskomiteen vil presidenten foreslå at debatten blir begrenset til 1 time og 15 minutter, og at taletiden blir fordelt slik på gruppene:

Arbeiderpartiet 25 minutter, Fremskrittspartiet 10 minutter, Kristelig Folkeparti 10 minutter, Høyre 10 minutter, Senterpartiet 5 minutter, Sosialistisk Venstreparti 5 minutter, Venstre 5 minutter og Tverrpolitisk Folkevalgte 5 minutter.

Videre vil presidenten foreslå at det blir gitt anledning til replikkordskifte på inntil tre replikker med svar etter innlegg av hovedtalerne fra hver partigruppe og etter innlegg fra medlemmer av Regjeringen.

Videre blir det foreslått at de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får en taletid på inntil 3 minutter.

– Det anses vedtatt.

Torstein Rudihagen (A) (ordfører for saka): Vi behandler i dag St.prp. nr. 2 Forhandlinger om etablering av et IT- og kunnskapssenter på Fornebu. Men spørsmålet om oppretting av eit IT- og kunnskapssenter på Fornebu har vore behandla i så mange rundar og over så lang tid at det kan vere grunn til å minne om at allereie i

innstillinga til statsbudsjettet for 1998 frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen sa alle, bortsett frå SV, at dei støtta planane om å opprette eit nasjonalt IT- og kunnskapssenter på Fornebu. Vidare sa dei at formålet var å skape eit senter av internasjonal betydning – eg gjentek: av internasjonal betydning – som skal medverke til ny næringsverksemd og nye utdanningsfunksjonar i samspel mellom forskning, utdanning og næring. Fleirtalet legg avgjerande vekt på at det blir bygt eit nettverksamarbeid som sikrar tilstrekkeleg informasjons- og kompetanseflyt mellom dei internasjonale, nasjonale og lokale miljøa.

Her vart det òg streka under at senteret ikkje måtte få utvikle seg til eit reint eigedomsprosjekt ut frå ønsket om kortsiktig gevinst, vidare at staten skulle delta aktivt i å realisere visjonen om eit internasjonalt attraktivt IT- og kunnskapssenter på Fornebu.

Desse målsettingane og føringane har lege i botnen for stortingsfleirtalet gjennom alle rundane vi har hatt, men med den sittande regjeringa har vi kvar gong måtta flytte frå skanse til skanse.

Behovet for å satse på eit slikt senter har etter mi meining berre blitt klårare og klårare. Likevel synest det som Regjeringa sitt opplegg er å skape eit kunnskapssenter ut frå kriteria minst mogleg seinast mogleg.

Dette er sanneleg ikkje mykje offensiv næringspolitikk i ei tid der det nettopp er offensiv satsing vi så absolutt treng, når vi ser norsk industri med industrilokomotiv som blir bygde ned eller selde ut. Vi les og høyrer dagleg om situasjonen i Norsk Hydro, Elkem, Dyno, Aker RGI og Kværner. I tillegg kjem omstillingane og ønske om sal av norske finansinstitusjonar til utlandet. Vi ser òg alle nedgangen i dei to viktigaste industrielle clusterane vi har, det maritime og offshore.

Dei nye forretningsområda som blir skapte i den nye økonomien, erstattar på ingen måte denne attendegangen i Noreg, i motsetnad til det vi ser i ein del andre europeiske land.

Vi har likevel interessante moglegheiter, dersom styresmaktene gjennom sin politikk legg til rette for det. Ei skikkeleg satsing på eit IT- og kunnskapssenter på Fornebu vil vere eit viktig verkemiddel for å skape ny næringsvekst på eit område som har framtidsmoglegheiter i seg. Vi må utnytte våre komparative føremoner. Den norske befolkninga er avanserte brukarar. Det blir hevda at nordmenn ligg to år framfor resten av verda som brukarar av Internett og mobiltelefon. Eg refererer da m.a. til toppsjefen i det amerikanske IT-selskapet Oracle på telekomkonferansen Telecom-99 i Genève i midten av oktober i år. Fleire store IT-selskap var på den same konferansen samstemmige om at Norden er den mest avanserte marknaden for innovasjon innan IT og telekommunikasjon i heile verda. Dette gir seg også uttrykk i desse selskapa sin vilje til å satse i Norden.

Med andre ord har Noreg ei moglegheit til å tiltrekke seg nødvendig teknologi og kompetanse frå andre land som grunnlag for å skape ny vekst i Noreg. Men det krev at norske styresmakter engasjerer seg for å utnytte denne moglegheita. Det er framleis slik at Noreg må konkurrere

med resten av verda for å tiltrekke seg dei kunnskapsressursane landet treng. Skal vi lykkast, må det byggast kompetansmiljø som verkty for utvikling og ny næringsverksemd. Desse miljøa må vere sterke nok til å halde på dyktige folk, og dei må vere sterke nok til at folk frå andre land vil søkje seg dit fordi det er nyttig for deira eiga verksemd. Og dei må vere kopla saman i eit nasjonalt nettverk, slik at regionane både kan yte noko og dra veksalar på dei. Slike kunnskapsmiljø består av koplingar mellom høgare utdanning, forskning og næringsutvikling. Det gir studentar og forskarar viktige problem å arbeide med, og det kan gi verksemdene løysingar og innsikt dei kan nytte til utvikling av nye produkt og tenester. Slike miljø blir bygde opp fleire stader rundt om i verda. Vi ser nå også korleis det blir satsa, m.a. i Øresund-området. Dei fleste stadene blir utviklinga driven fram ved eit samarbeid mellom privat verksemd og offentlege styresmakter. Ei tilsvarende satsing kan vere naudsynt i Noreg når informasjonsteknologien kvar einaste dag endrar vår økonomi og våre levekår. På Fornebu har vi moglegheitene.

Det kan vere verdt å nemne at samstundes som vi nå behandlar denne saka, sit Telenor og Telia og forhandlar om lokalisering av si framtidige satsing. Eg meiner det må leggest til rette for at Telenor-Telias satsing på den såkalla WAP-teknologien – teknologien som kombinerer mobiltelefoni og Internett, det kanskje viktigaste og raskest veksande teknologiområdet i verda – òg kan finne stad i Noreg. For Telenor vil det vere av avgjerande betydning at det blir skapa eit attraktivt kunnskapsmiljø i nærleiken av hovudkontoret på Fornebu. Jo sterkare miljø dess større er sjansane for at det nye felles konsernet vil satse på Fornebu og Noreg.

Utanlandske IT-selskap sin vilje til å satse i Noreg heng nøye saman med at det blir skapa sterke utviklingsmiljø i tilknytning til Telenor på Fornebu. Dei etablerer seg der dei finn attraktive miljø. I denne situasjonen er det utruleg at Regjeringa sitt opplegg synest å vere – for å gjenta det enda ein gong – minst mogleg seinast mogleg.

Den næringspolitiske hovudoppgåva burde tvert imot vere å skape eit sterkast mogleg fagmiljø som kan legge grunnlaget for å tiltrekke seg den teknologien og kompetansen Noreg treng for å skape ny næringsutvikling som kan kompensere for nedgangen i den etablerte industrien. Planane om eit kunnskapssenter på Fornebu er først og fremst eit næringutviklingsprosjekt.

Som ei grunngeving for det som ligg i innstillinga, har eg fokusert på eit perspektiv som vi må sette satsinga på eit IT- og kunnskapssenter på Fornebu inn i. Det blir derfor ikkje tid til å gå gjennom innstillinga og alle enkeltforholda der. Den kan representantane og andre lese sjølve. La meg berre nemne noko: Komitefleirtalet understrekar målet om eit internasjonalt konkurransedyktig IT- og kunnskapssenter som òg kan støtte opp om dei regionale utviklingsmiljøa. Skal ein lykkast, må det skapast attraktive fagmiljø, eit godt bumiljø og internasjonalt konkurransedyktige rammevilkår. Staten må vere ein aktiv pådrivar og medaktør i utviklinga.

Komitefleirtalet meiner det største alternativet som er skissert i proposisjonen, vil styrkje totalkonseptet, og at

det neppe vil vere ei god løysing med to ulike selskap. Legg ein alt inn i det felles eigarselskapet, vil ein unngå at nokon sit og forvaltar delar av dette senteret som eit reint eigedomsprosjekt utan å ta sin del av fellesutgiftene. Ei realisering av målsetjinga med senteret føreset ein samla plan og ei overordna styring av heile verksemda. Derfor bør staten vere med på eigarsida i eit felles eigarselskap som har ansvaret for heile utbygginga og utviklinga av kunnskapsmiljøet.

Komitefleirtalet meiner at i val av interessent må ein vektlegge interessenten sine evner og planar for å knyte til seg kompetanse frå andre land, opplegg for samarbeid med regionane og tiltak for å utvikle miljø andre stader i landet, planar som viser korleis senteret skal medverke til ny næringsverksemd og vere ein motor for fornying for heile landet, og planar for samspel mellom forskning, utdanning og næringsverksemd.

Innstillinga er ei oppfølging av det stortingsfleirtalet har stått for tidlegare, og kunne vore sagt så enkelt som at komiteen viser til merknader og tidlegare vedtak og føreset at Regjeringa følgjer det opp.

Med dette vil eg rå Stortinget til å støtte komiteen si innstilling.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Anita Apelthun Sæle (KrF): Kristeleg Folkeparti er einig med Arbeidarpartiet i at det er viktig å gjera Noreg i stand til å delta i den revolusjonen som kunnskaps- og informasjonsteknologien ser ut til å skapa. Vi treng innovasjon, og vi treng ny næringsverksemd. Det som undrar meg, er at Arbeidarpartiet legg så stor vekt på arealet som skal inngå i senteret på Fornebu. Dette liknar på å endra reglane under kamp, som elles er ein uting.

Så er det slik at det tilleggsarealet som Arbeidarpartiet gjerne vil inkludera i senteret, ikkje er statens eigedom. Det kan sjølvstøtt ta tid å skaffa seg slik eigedom. Kan representanten Rudihagen stadfesta at senteret på Fornebu er viktigare enn bustadbygginga – at eit senter av internasjonal betydning, slik Regjeringa har visjonar om, er viktigare enn bustadbygginga? Og er det slik at det hastar å koma i gang med dette?

Torstein Rudihagen (A): Grunngevinga for ei såpass ambisiøs satsing er, som eg var inne på i innlegget mitt, at ein kan gjere senteret internasjonalt konkurransedyktig, og at det da òg har evne til å betene regionar. Satsinga må sjåast i samanheng med satsinga som skjer rundt omkring oss og internasjonalt. Ein føresetnad for å få internasjonale selskap til å legge forskings- og utviklingsfunksjonar til Fornebu er at ein har eit totalopplegg som verkar attraktivt. Og skal det vere attraktivt, må ein ha bustader, og ein må legge til rette for nøkkelpersonar, både frå utlandet og frå Noreg, i tillegg til det store talet som vil arbeide i selskapet Telenor-Telia. Derfor meiner vi at det største konseptet vil vere det beste. Men det er jo visjonen – for å bruke eit fint uttrykk – om eit IT- og kunnskapssenter som er hovudformålet. Og for all del – må eg seie til representanten Apelthun Sæle: Det er det

som er hovudformålet. I den grad det er behov for bustader og anna næringsareal, er det for å styrkje totalkonseptet og gjere det mest mogleg konkurransedyktig.

Det er riktig at staten ikkje rår over arealet som utgjer differansen mellom 316 dekar og 500 dekar. Så det opplegget Regjeringa skisserer, om at ein privat interessent i så fall må skaffe seg det sjølv, er heilt greitt. Men vårt poeng er at ein ikkje må lage eit konsept som stengjer for at òg *det* arealet kan leggest inn i det felles eigarselskapet, nettopp ut frå den grunngevinga som er gitt i innstillinga.

Ansgar Gabrielsen (H): Saksordføreren hadde en faktisk gjennomgang av saken med litt argumentasjon rundt visjonen, og vi skal ikke se bort fra at en del av det han sier, kan komme til å skje. Men det var lite argumentasjon for det som egentlig er sakens kjerne i dag, nemlig hvorfor staten skal engasjere seg på eiersiden. Når det gjelder alt det andre Rudihagen sa, må en bare ønske hell og lykke på ferden og at visjonene måtte bli oppfylt – for dem som måtte ha fått tak i dem.

Det det dreier seg om, er om vi skal inn med statlig kapital på eiersiden, og i hvilket omfang. Det er det vi diskuterer. Og når Rudihagen snakker om staten som pådriver, ser jeg for meg en kjerre i en utforbakke der en politiker springer bak. Hjulet sviver under alle omstendigheter. Og som Rudihagen sier: Skal en lykkes, må staten engasjere seg. Jeg tror faktisk at nettopp det at staten engasjerer seg, er den største risikoen for hele prosjektet.

I innstillingen har Arbeiderpartiet og Fremskrittspartiet vist til et par andre steder i verden hvor det skal ha forekommet en tilsvarende sak. Også i innlegget sitt var Rudihagen inne på Øresund-initiativet. Jeg er enig med Rudihagen om behovet for offentlig deltakelse i et slikt prosjekt gjennom de institusjonene staten råder over: forskning, utdanning, høyskoler, universiteter osv. Det er selvfølgelig en integrert del. Men vi snakker om eierskap, og da trekkes Øresund frem som eksempel.

Mitt enkle spørsmål til Rudihagen: I hvilket omfang har den svenske og den danske stat engasjert seg på eiersiden i de selskap som holder på å etablere seg i Øresund? Da snakker jeg ikke om de statlige institusjonene, som inngår avtale på alminnelige vilkår gjennom forskningsinstitusjoner og universiteter.

Torstein Rudihagen (A): Eg sa i innlegget mitt at dette var eit næringsutviklingsprosjekt. Det er vel slik, og det må vel òg representanten Gabrielsen vere einig i, at staten har eit ansvar for å drive næringsutvikling. Det er òg slik at staten gjennom det har mange næringspolitiske og økonomiske verkemiddel. Vi bruker milliardar i året, anten gjennom SND eller gjennom overføringar til landbruket, vi har periodevis gitt støtte til skipsverft, refusjon til sjøfolk osv. osv. Det vi nå ser, er ein overgang frå industrisamfunnet til kunnskapssamfunnet. Da trur eg at staten i større grad må styre nokre av sine næringspolitiske verkemiddel inn i dei nye industriområda vi ser i kunnskapssamfunnet, m.a. innafor IT-relatert verksemd. Så det er ikkje noko nytt i så måte at staten er aktiv i eit næringsutviklingsprosjekt. Det er jo det vi òg ser rundt

omkring i mange andre land, at den nye næringsutviklinga skjer i form av eit partnerskap mellom offentlege myndigheiter og privat verksemd, der ein har felles mål og dreg lasset saman mot dei felles målsettingane.

Øresund-prosjektet, som det vart spurt konkret om, har eg rett og slett ikkje så god innsikt i at eg kan seie noko om kva staten går inn med på eigarsida. Men iallfall er det, som Gabrielsen sjølv var innom, ei enorm satsing. Mellom anna er det 12-14 universitet, ulike forskingsparkear osv. som skal gå inn i eit totalkonsept som skal utvikle eit IT- og kunnskapssenter i Øresund-området.

Eg meiner iallfall at det er riktig, som Stortinget har sagt heile tida, at staten skal vere med og utnytte den moglegheita vi har som eigarar av bygningar og areal på Fornebu til å sikre at vi får eit senter i tråd med våre føresetnader.

Rolf Reikvam (SV): Jeg tror det er uklokt og uheldig å fremstille det slik at vi ikke har tunge kunnskapssentre i dette land, slik som Rudihagen la sterk vekt på. I Norge har vi gode miljøer, vi har sterke faglige miljøer. Vi har det i Trondheim knyttet opp til Universitetet i Trondheim, NTNU-miljøet og SINTEF-miljøet, vi har det i Oslo knyttet opp til Gaustadbekken-miljøet, og vi har det i Bergen rundt Universitetet i Bergen. Vi må ikke fremstille det slik fra denne talerstolen at vi ikke har gode og sterke miljøer som vi må ta vare på og utvikle.

Så blir da mitt spørsmål til Rudihagen når han vil bygge opp et helt nytt, viktig og stort kunnskapssenter i dette land, og han ser på det som ligger i proposisjonen, og de planene som disse tunge miljøene allerede har i forhold til Fornebu-miljøet: Hvis vi ser på det som går på bedriftsuniversitetenes planer og nettverksuniversitetenes planer, hvilke muligheter ser Rudihagen for seg for at de sterke miljøene som vi har i dag, er klare til å hoppe på og gå inn i dette prosjektet? For skal vi lykkes, er vi helt avhengig av at de tunge og sterke fagmiljøene vi har i dag, er klare til å bruke av sine ressurser. Det er ingenting i dag som tyder på at disse miljøene er klare til å gå inn og være med på å gjøre dette til det miljøet som Rudihagen ser for seg. Er det ikke litt bekymringsfullt å fokusere så sterkt på dette kunnskapsmiljøet når han vet at de andre sterke, gode miljøene vi har i Norge, ikke er klare til å dele hans visjon: at dette er den riktige satsing?

Torstein Rudihagen (A): Eg kan ikkje hugse at eg har sagt at vi ikkje har tunge kunnskapsmiljø i dette landet. Men eg meiner at dei framtidige utfordringane krev ei auka samhandling mellom næring, forskning og utdanningsinstitusjonane. Eg meiner at utfordringane krev ei langt meir ambisiøs satsing i tida framover, og IT- og kunnskapssenteret på Fornebu er meint som eit supplement til dei tunge kunnskapssentra vi har i dette landet. Det er faktisk òg klart skrive inn i innstillinga, derfor vil eg gjerne referere det:

«IT- og kunnskapssenteret skal ikkje oppretta nye utdannings- og/eller forskingsinstitusjonar. Senteret skal bidra til å styrkje dei etablerte norske utdannings-

og forskingsmiljøa og bidra til å knyte universitet og høgskular tettare opp til næringslivet.»

Her er det meint å gi dei eksisterande forskings- og utdanningsmiljøa eit tilbod, eit supplement, til det dei måtte ha, nettopp for å kunne tilføre dei element for å kunne utvikle seg og vere der dei er. Her kan det vere spørsmål om tilgang til oppgåver til doktoravhandling, til praksisplassar, til meir utprøving og samhandling med næringslivet. I så måte er ikkje IT- og kunnskapssenteret på Fornebu nokon som helst konkurrent til eksisterande utdannings- og forskingsmiljø. Da vil det i stor grad vere opp til dei i tida framover å sjå på kor mykje dei vil involvere seg i det som skjer på Fornebu. Det har alltid vore ein klar føresetnad at den utviklinga innan forskning og utdanning som skal skje på Fornebu, skal vere på dei eksisterande utdannings- og forskingsinstitusjonane sine egne premisser.

Presidenten: Replikordskiftet er omme.

Øystein Hedstrøm (Frp): Den største næringspolitiske utfordring landet konfronteres med, er forvitringen av det bestående industrielle miljø uten at det skapes ny industri som på noen måte erstatter det vi mister i verdiskaping og arbeidsplasser for Norge. Industriclustere og bedrifter dels flytter, dels fusjonerer og dels legger ned sin virksomhet her hjemme.

Internasjonaliseringen og kapitalens vandring uten respekt for landegrensar har skapt en nasjonenes konkurranse om hvem som kan tilby best rammebetingelser og dermed tiltrekke bedrifter, kapital, kompetanse og arbeidsplasser. Gamle, lukkede markeder og nasjoner er blitt åpnet. Og resultatene, ja, de ser vi. Strukturendringer hos våre handelspartnere og konkurranse fra land med lavere arbeidslønninger som har en annen økonomisk forståelse og en annen bedriftskultur, kan medføre at virksomheter nedlegges og produksjon, hovedkontor og kompetansmiljøer flyttes ut av landet. Dette vil være negativt, særlig når forskningsavdelingene til de store selskaper følger med, for da forsvinner mye av kunnskapen og de innoverende kreftene.

Det kan selvfølgelig være fornuftige grunner til at bedrifter velger å etablere seg i andre land. Noen vil bli større på sine kjerneområder og vil gjøre produksjonen mer effektiv. Men når vi får synlige bevis for at det er rammebetingelsene som tvinger bedrifter ut av landet, må forholdene legges til rette på en annen måte fra myndighetenes side. For at Norge ikke skal komme i bakleksa konkurransemessig, må vi også melde oss på i kampen om fremtidige arbeidsplasser og verdiskaping – og det er på tide!

I NHOs debatthefte «Lokalisering Norge – norsk verdiskaping i grenseløs konkurranse» er søkelyset satt på hvordan vårt land oppfattes internasjonalt. Det at Norge ligger i verdens ytterkant for internasjonalt næringsliv, og det at vi har et lite hjemmemarked med bare 4,5 mill. innbyggere, reduserer attraktiviteten. Det er det selvfølgelig lite vi kan gjøre noe med. Men skal Norge greie å tiltrekke seg utenlandske og norske industrialister

og investorer, er det andre rammebetingelser som må være i verdensklasse. En av de faktorer som har slått negativt ut, og der vi virkelig har mulighet til å gjøre noe, er skatte- og avgiftssystemet og nivået på det.

Stortinget har dette året behandlet både en næringsmelding og en eierskapsmelding, uten at dette er fulgt opp med nødvendige forslag for å beholde attraktivt næringsliv innenfor landets grenser, skal vi tro aktører innenfor næringslivet. Den næringspolitikk som føres i dag, er veldig mye innrettet på å ivareta det bestående næringsliv, uten å lykkes. Mye av det vi har tilbake, risikerer å bli kjøpt opp på billigsalg og filialisert. Til nå har ikke Regjeringen funnet virkemidler som demmer opp for dette. Den mangler en strategi som kan sette Fastlands-Norge i sentrum som investeringsland.

Innen noen sektorer kan Norge lykkes, hvis bare forholdene blir lagt til rette for det. Norge kan lykkes i å bygge opp næringsklustere som blir så attraktive at de trekker til seg bedrifter fra andre land. Det gjelder innenfor olje og gass, fiske, havbruk og maritim sektor. Vi har også muligheter innenfor IT- og telesektoren. Det nasjonale miljøet av IT- og telebedrifter er isolert sett for lite, men det inngår i et sterkt nordisk næringscluster som vi nå ser konturene av. Et av motstykkene til denne filialisering vi opplever, og som sannsynligvis bare vil fortsette, kan være å få utenlandske bedrifter til å skape virksomhet innenfor disse nye forretningsområdene, hvor det finnes interessante muligheter.

Et av Norges store komparative fortrinn er at den norske befolkning er avanserte brukere. Norge er blant verdens fremste brukere av mobiltelefoni og internett og kan bli det for nettbaserte løsninger. Amerikanske IT-selskaper hevder at Norden ligger to år foran resten av verden som bruker av Internett og mobiltelefon. Dette gir oss muligheter innenfor denne sektoren, og for at internasjonale selskaper vil satse i Norden. Dette kan legge grunnlaget for ny næringsutvikling i Norge og tiltrekke forsknings- og utviklingsfunksjoner fra andre land.

Jeg vil komme inn på noen avisuttalelser fra de siste dagene.

- Lotus og Nokia har inngått en samarbeidsavtale for utvikling av WAP-teknologi for mobiltelefoner. Lotus vil legge selskapets nye senter for denne satsingen til Norden.
- Hewlett-Packard har etablert et bredt partnerskap med Nokia. Selskapet har besluttet å etablere et forsknings-senter i det som blir den viktigste byen for neste generasjons Internett: Helsinki.
- Compaq ønsker å få til et stort utviklingsmiljø innen telekommunikasjon i Norge gjennom et «Center of Excellence». Dette mener Compaq vil bli mindre interessant hvis Telenors mobilvirksomhet flyttes til Sverige.
- Oracle ser på Norden som ett telemarked etter sammenslåingen av Telia og Telenor. Hittil har Oracle prioritert Sverige og Finland. Nå vil Norge også få større oppmerksomhet.

Disse utspillene viser at også Norge har en mulighet for å tiltrekke seg nødvendig teknologi og kompetanse fra andre land som har grunnlag for å bygge opp ny in-

dustri i Norge. Men da må norske myndigheter kjenne sin besøkelsestid og utnytte denne muligheten. Jeg vil nevne tre elementer som kan være viktige i den sammenheng:

- Det må legges til rette for at Telenor-Telias satsing på WAP-teknologien – det kanskje viktigste og raskest voksende teleteknologiområdet i verden – også kan finne sted i Norge. I likhet med representanten Rudihagen vil jeg si: For Telenor på Fornebu vil det være av avgjørende betydning at det skapes et attraktivt kunnskapsmiljø i nærheten av hovedkontoret. Jo sterkere miljø, desto større er sjansene for at det nye felles konsern velger å satse nettopp på Fornebu og Norge.
- Utenlandske selskaper som Compaq, Cisco Systems, Oracle og andre har gjort det klart at deres satsing i Norge vil henge nøye sammen med at det blir skapt sterke utviklingsmiljøer i tilknytning til Telenor på Fornebu. De flytter dit de finner de mest attraktive miljøene.
- Alle selskapene har også gjort det klart at de næringspolitiske rammevilkårene må være internasjonalt konkurransedyktige.

Hvordan følger så myndighetene opp dette? Fremskrittspartiet opplever det som trening og omkamper fra Regjeringens side i forhold til å få utviklet et IT- og kunnskapssenter på Fornebu. I den situasjon norsk næringsliv befinner seg, og hvor flere næringsklustere forvitrer, er det nesten ufattelig at Regjeringens oppmerksomhet veldig mye er rettet mot Fornebu som et eiendomsprosjekt hvor man forsøker å skape minst mulig aktivitet. Regjeringen undergraver dermed det som må være en sentral næringspolitisk oppgave for landet: å skape et sterkest mulig fagmiljø som kan legge grunnlaget for å tiltrekke den teknologi og kompetanse som er nødvendig for å skape ny næringsutvikling og kompensere for nedgangen i den etablerte industri.

Derfor er dagen i dag – 2. november – en viktig dato, fordi det nå er Stortingets føringer om Fornebu som er viktige for Norge. Det dreier seg nemlig om vår fremtidige industri- og næringspolitikk. Flertallet, bestående av Arbeiderpartiet og Fremskrittspartiet, har lenge sagt nøyaktig det samme. Et vellykket kunnskapssenter krever at området er stort nok til å omfatte alle aktører som skal bidra til kunnskapssenteret. Senteret må oppnå kritisk masse hva gjelder antall og variasjoner av bedrifter og utdannings- og forskningsinstitusjoner, samtidig som det må legges til rette for et bredt spekter av tjenestetilbud. Det betyr at for å kunne skape et innovativt internasjonalt attraktivt miljø må det legges til rette for en omfattende virksomhet, og da må det være et tilstrekkelig areal tilgjengelig. Dette gjelder uavhengig av hvem som eier Fornebu-området – det vil jeg understreke.

Videre har flertallet i Innst. S. nr. 99 for 1998-99 pekt på at Stortinget bad Regjeringen komme tilbake med en innstilling om hvilken interessent som hadde utviklet den beste planen. Den gruppen som legger frem den beste planen, må også ha med tiltak for samarbeid med regionene, som kan gi muligheter også andre steder i landet vårt.

Stortingets flertall har ved en rekke anledninger påpekt at det haster å komme i gang for å være med i nasjo-

neses konkurranse om kunnskapskapitalen. Det kan være på sin plass å minne om at Fornebu-saken har vært drøftet i Stortinget i desember 1997, mai 1998, juni 1998, november 1998, februar 1999, mai 1999, juni 1999 og nå i november 1999. Dette skyldes bl.a. trenering og liten vilje til å følge opp flertallets forutsetninger fra Regjeringens side, slik vi i Fremskrittspartiet ser det.

Flertallet, Arbeiderpartiet og Fremskrittspartiet, forutsetter at Regjeringen legger frem resultatet av sluttforhandlingene i en proposisjon for Stortinget senest den 17. desember. Da håper jeg at vi på Fornebu skal kunne bidra til å få utviklet kunnskapssamfunnet også i Norge.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Ivar Kristiansen (H): Siden Hedstrøm ikke snakket så mye om det saken egentlig gjelder, forhandlingene rundt etableringen av et IT-senter på Fornebu, og siden flertallspartiene tvinger gjennom en innstilling som skreddersys for den ene av de to interessentene, kan jeg ikke tolke det på noen annen måte enn at beslutningen om modell og interessent må være tatt for lenge siden.

Det andre forholdet som jeg ser grunn til å ta opp, siden saksordføreren ikke kunne redegjøre for det eller hadde oversikt, og spesielt siden dette er et av flertallspartiernes glansnummer, gjelder bildet av staten som katalysator og den store pådriver. Her viser man til flertallsinnstillingen, der det heter:

«Fleirtallet vil peike på at skal dette lykkast, må Staten vera ein aktiv pådrivar og medaktør i utviklinga. Fleirtallet vil vise til at slikt partnerskap ser vi også i t.d. USA og i våre naboland Sverige og Danmark i samband med Øresund-initiativet.»

Jeg må stille spørsmålet: Er dette tilfellet? Disse land har vel overhodet ikke noen modell for sine løsninger som på noen slags måte kan sammenlignes med den norske såkalte Hed-Op-varianten.

Øystein Hedstrøm (Frp): Fra Fremskrittspartiets side har vi ikke tatt stilling til hvilken av de to interessentene som nå gjenstår, som bør få tilslaget, men det politiske flertall har lenge lagt rammer for at en visjon må tilfredstilles, vi må ha et areal som er stort nok og en del andre forutsetninger må være oppfylt.

Regjeringen fikk inn syv tilbud i vår og valgte å forhandle videre med tre av interessentene. To av disse tre har nå slått seg sammen og økt sin mulighet i konkurranse fra 33 1/3 pst. til 50 pst. Det var også i tråd med et ønske fra stortingsflertallet om å oppnå synergieffekter ved sammenslåing. Vi har ikke tatt endelig stilling, men jeg regner med at de som er profesjonelle i næringslivet, har lest innstillingene fra tidligere behandlinger i Stortinget og forholdt seg til det.

Når det gjelder dette med statlig medvirkning, er det altså slik at vi i denne saken har akseptert at staten kan legge inn sine eiendommer og bygninger i et felles eierskap med de private. Dette skjer i form av et kontantinnskudd som tilsvarer nettoverdien av statens eiendommer. Staten har et ansvar for næringspolitikken i et land og

skal være en pådriver. Det skjer en eksplosiv utvikling innenfor IT- og kunnskapssektoren, og her gjelder det å være på banen. Men det skal være de private som står for vekst og initiativ i dette senteret.

Og så til hvordan dette er internasjonalt. Vi har en rekke IT- og kunnskapssentra, og jeg kjenner faktisk ikke til noen hvor ikke staten er med i et samarbeid med private interessenter.

Rolf Reikvam (SV): Dette var et innlegg som føyer seg til flertallsinnstillingen på en god måte. Første delen var en oppramsing av honnørord og navn på internasjonalt kjente IT-selskaper. I den siste delen gikk Hedstrøm over til å snakke om areal, og det var på mange måter det som ble den viktigste saken.

Jeg har lyst til å stille det samme spørsmålet til Hedstrøm som jeg stilte til Rudihagen: Når Hedstrøm ser på de planene som det offentlige har på utdannings- og forskningssiden – og det er de offentlige universitetene og høyskolene vi stort sett snakker om når vi snakker om forskning og utdanning – og når han ser på de planene som disse selskapene har og det de legger fram som sine forslag, og som også er antydning i proposisjonen, nemlig et bedriftsuniversitet, et nettverksuniversitet, det er stort sett det som ligger der av konkrete ting, er han da optimist med sikte på å få i gang, få etablert den type kunnskapssenter som han nå jakter på, et kunnskapssenter som i stor grad vil konkurrere med de sentre som vi har etablert rundt de aller fleste store universitetene i dette landet?

Spørsmålet er altså: Er han optimist med sikte på å få til dette kunnskapssenteret sitt?

Øystein Hedstrøm (Frp): Jeg kan svare entydig ja på spørsmålet. Jeg er optimist. Det er faktisk slik at vi i komitehøringene og i andre sammenhenger har spurt de to interessentene som er tilbake, om hvilke intensjonsavtaler de har tegnet f.eks. med internasjonale selskaper, hvilke kontakter de har med universiteter og forskningsmiljøer internasjonalt. Vi har også, selvfølgelig ved siden av det fysiske Fornebu, vært veldig opptatt av mulighetene for regionale ringvirkninger der det alt er tegnet foreløpige avtaler med 30–40 kommuner, bl.a. om opprettelse av bedrifter, elektroniske klasserom osv. Så jeg tror at dette vil være en utvikling som vil bli helt eksplosiv den dagen en av disse to interessentene får tilslaget. Da vil vi få en utvikling på Fornebu som jeg tror knapt noen i denne sal har drømt om.

Leif Helge Kongshaug (V): Representanten Hedstrøm nevnte at Stortinget nylig har behandlet den såkalte eierskapsmeldingen. Den trekker opp viktige prinsipielle sider ved statens eierskap i næringslivet, og her har også Fremskrittspartiet klare synspunkter. I sitt program tar Fremskrittspartiet avstand fra en sammenblanding, eller samrøre, som de selv kaller det, mellom såkalte samfunnsinteresser og bedriftsøkonomiske, rasjonelle interesser. En slik sammenblanding er skadelig, ifølge Fremskrittspartiets program. Ansvaret utvannes, fordi det all-

tid er en veg ut av kritikkverdige disposisjoner, påpeker Fremskrittspartiet.

Nå er Fremskrittspartiet med og utgjør flertallet i denne saken, et flertall som vil bruke offentlige midler til å bygge boliger på Fornebu, attpåtil i et eiendomsselskap som også skal ta seg av andre oppgaver – etter Venstres mening en klar sammenblanding. Mener Fremskrittspartiet og representanten Hedstrøm at det er i bedriftsøkonomisk interesse, samfunnsinteresse eller en blanding av disse å bygge boliger på Fornebu? Hvordan harmonerer dette med Fremskrittspartiets program?

Øystein Hedstrøm (Frp): Det er hyggelig at representanten Kongshaug har tatt seg tid til å lese deler av Fremskrittspartiets næringsprogram. Det står mye bra der, så jeg håper han fortsetter med den lesningen.

Det er riktig at vi behandlet eierskapsmeldingen og næringsmeldingen tidligere i år. De få konkrete tiltakene som kom fra Regjeringens side, var et prosjektutviklings-tilskudd og noen såkalte regionale såkornfond. Det var vel essensen i det. Det vil på ingen måte, skal vi tro norsk næringsliv – enten det gjelder større eller små og mellomstore bedrifter – ha noen innvirkning på etablering og utvikling i Norge. Her må det helt andre grep til. Fremskrittspartiet har i sine alternative statsbudsjetter skatte- og avgiftslettelser på ca. 25 milliarder kr. Det er ting som vil monne for å gjøre det lettere å få etablert næringsvirksomhet i Norge.

Men det er også riktig at vi har en debatt i Fremskrittspartiet om bruk av offentlige midler. Hvis han har sett nøye etter i vårt program, står det bl.a. at vi kan tenke oss å bruke en del fond, pensjonsfond osv., offentlige midler, til å gå inn som institusjonell investor i næringsvirksomhet. Det blir en debatt videre fram mot Fremskrittspartiets landsmøte om dette, og så får vi se hvor vi konkret havner. Det som er viktig, er at Norge ikke kommer i bakleksa, at vi ikke blir stående og ikke får noen utvikling, slik at IT-teknologien utvikles i Finland, Danmark og Sverige, og at vi ikke kommer med i denne unike næringsclusteren som nå er i ferd med å bygges opp.

Presidenten: Dermed er replikkordskiftet omme.

Anita Apeltun Sæle (KrF): Eigentleg trur eg at det meste er sagt i denne saka. Alle visjonar for eit senter som betyr mykje internasjonalt, er gjentatt tallause gonger frå denne talarstolen, og det burde ikkje vore ein stor debatt i dag. Det burde vore slik at Regjeringa fekk mest mogleg frie hender til å fullføra dei viktige forhandlingane som dei er midt inne i, og så leggja fram for Stortinget si vurdering av kven som er best i stand til å skapa eit IKT-miljø med smitteeffekt på Fornebu. Det undrar meg eigentleg at saka ikkje er så enkel.

Den største og mest alvorlege usemja går på kor stort dette senteret skal eller må vera, og kva det så skal kosta som resultat. Det er innlysande og for så vidt stadfesta av alle involverte at arealet Regjeringa har tilrådd som IT-senter, er tilstrekkeleg for alle dei funksjonane IT-senteret skal ha. Det er underleg at Arbeidarpartiet vil at staten

skal stilla opp for å gje dei mest privilegerte bustader, for sosial bustadbygging er det jo ikkje snakk om. Studentane er tatt vare på innan det arealet som Regjeringa tilrår. Kvifor denne nye politikken? Skal staten no gå inn og bera kostnader for alle byggjeprosjekt som det er fortene i? Det er lukrativt å byggja bustader i pressområde i Noreg i dag.

Eg har før forstått det slik at landets største parti meiner at det er dei fattige og dei underprivilegerte som staten burde skaffa bustadfinansiering. Slik er det tydelegvis ikkje lenger. At Framstegspartiet skal stå på same linja, er i komplett disharmoni med filosofien om eit fritt næringsliv og privat eigarskap. Her føreskriv Framstegspartiet at staten skal gå inn og byggja luksusbustader på Oslos indrefilet av eit bustadområde. Unnskyld eit lite sidesprang, men kanskje vi skulle starta bygging av bustader på Voss. Der er det ei IT-bedrift i verdsklasse som er under sterk ekspansjon. Det er ei kunnskapsbedrift med eit internasjonalt kontaktnett som investerer og satsar på nordisk språkteknologi, og som trekkjer til seg medarbeidarar frå verdas metropolar med kunnskap som ikkje finst i Noreg. Dei har faktisk problem der oppe med å skaffa eigna bustader til sine høgt kvalifiserte utanlandske medarbeidarar, men dei trudde liksom ikkje at det var ei statleg oppgåve.

Sjølv om Kristeleg Folkeparti stiller seg undrande til fleirtalets vilje til å detaljregulera, er vi framleis samde i at det er behov for å oppretta eit senter som skal bidra til etablering av ny næringsverksemd. Regjeringa vil naturlegvis gjera sitt yttarste for å få dette til.

Innovasjon er viktig. Vi må få utdanningsinstitusjonane, forskinga og næringslivet i Noreg til å dra saman for å plassera Noreg i forsetet i kunnskapsindustri-sammenheng. Det gjer vi både ved å oppretta eit senter på Fornebu og ved at dette senteret fungerer i eit samspel med forskings- og undervisningsinstitusjonane, slik at vi også styrkjer regionanes kompetanse på IT-området. Det kan vi altså utmerkt godt gjera innanfor det arealet som Regjeringa har anbefalt.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Torstein Rudihagen (A): Det er mykje ein skal høyre. Men noko av det underlegaste er at Arbeidarpartiet skal ha ansvaret for at vi på nytt får ein debatt om denne saka i denne salen. Allereie ved behandlinga i juni sa Arbeidarpartiet klart og tydeleg frå om at det hasta med å kome i gang med eit IT- og kunnskapssenter på Fornebu. Vi sa faktisk at ein allereie burde ha kome i gang frå 1. januar i fjor. Fornebu har nå vore nedlagt i eit års tid, og det er ennå ikkje kome i gang noka som helst verksemd der ute. Dette er så sanneleg min hatt ikkje Arbeidarpartiets ansvar! Er det noko vi har måtta gjere i denne saka frå første stund, er det å presse på med omsyn til tidsplan. Det siste vi gjorde, var å vedta at Regjeringa skulle kome attende med ein proposisjon innan 1. oktober. Da skulle det vore forhandla fram avtaler med interessentane, og ein interessent skulle vore anbefalt frå Regjeringas side, slik at Stortinget på sjølvstendig grunn-

lag nå i dag kunne ha vore med og vurdert kva for ein interessent som skulle inn der. Når representanten Apelthun Sæle uttrykker uro over at vi enda ein gong har ein debatt om denne saka, får ho rette det mot si eiga regjering.

Elles kjem Apelthun Sæle med same påstand som for så vidt Kongshaug var innom, at staten skal bruke pengar til å bygge bustader for dei rike på Fornebu. At vi tek frå dei fattige og gjev til dei rike, såg eg faktisk på tekst-TV her ein dag at Apelthun Sæle hadde uttrykt. Men kjære, pratar ein her mot betre vitande? Det som står i Regjeringsopplegg, er, som Apelthun Sæle seier, 316 dekar. Så opnar ein for at ein interessent kan kjøpe området omkring slik at ein får eit totalt areal til senteret på 500 dekar. Det seier vi er veldig greitt. Lat dei private interessentane kjøpe det. Det er ikkje staten som skal bruke ei einaste krone på det. Men vi seier at det er nødvendig at det blir lagt inn i det felles eigarselskapet, som staten skal vere med i for å hindre nettopp at dei rike spekulerer i eigeomsprosjekt der ute, og for å sikre at vi får ei felles styring med arealet.

